

ØRSKOG KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

28.11.2011

Kopi til: Ordfører
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I ØRSKOG KONTROLLUTVAL

Det vert med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag, 05.12.2011 kl. 16.00
på rådhuset**

SAKLISTE:

- Sak 11/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 19.09.2011
- ” 12/11 - Orientering om kontrollutval og revisjon
- ” 13/11 - Opplegg for kontrollutvalet sitt arbeid i den nye valperioden (Til drøfting)
- ” 14/11 - Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt vedkomande sjukefråvær i Ørskog kommune
- ” 15/11 - Vedk. oppfølging av sak 14/10 og sak 04/11 - praktisering av Lov om offentlige anskaffelser for utvalde prosjekt i Ørskog kommune (Saka ligg i kommunen for svar)

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I ØRSKOG KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 19. september 2011 kl 1600
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Unni Eide = 2 voterande

Knut Sørdal hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen
Frå Ørskog kommune møtte ordførar Torbjørn Fylling, teknisk sjef Jørn Hagerborg og økonomisjef Anne Nygård.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 06/11 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 9. MAI 2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 9. mai 2011 blir godkjent.

SAK 07/11 VEDK. OPPFØLING AV SAK 14/10 OG SAK 04/11 – PRAKTISERING AV LOV OM OFFENTLIGE ANSKAFFELSER FOR UTVALDE PROSJEKT I ØRSKOG KOMMUNE

Følgjande innstilling frå kontrollutvalsekretariatet datert 12.09.2011 følgde saka:

1. Kontrollutvalet konstaterer at kommunen utifrå innkomne opplysningar so langt ikkje har fått innretta sin inkjøpspraksis i samsvar med Lov om offentlige anskaffelser.
2. Kontrollutvalet vil følgje opp dette temaet vidare
3. Saka blir å oversende kommunestyret til orientering.

Kort tid før møtet kom det fram nye saksopplysningar frå rådmannen utover det som kom fram av notatet som vart sendt til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Med bakgrunn i nye saksopplysningar som ikkje var mulig å innarbeide i saksførebuinga, blir saka ikkje realitetsbehandla.
2. Kontrollutvalet vil forøvrig presisere at det mottekne notatet utarbeidd av kommunen om investeringsprosjekt som var i gang eller avslutta i 2010 ikkje har ein tilfredsstillande kvalitet og ber om nytt svar innan 19. oktober 2011.
3. Sak 07/11 blir å oversende kommunestyret som referatsak.

SAK 08/11

TERTIALRAPPORT 1. TERTIAL 2011 – ØRSKOG KOMMUNE

Saksutgreiing/innstilling datert 12.09.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil ha den økonomiske situasjonen som kjem fram i 1. tertialrapport 2011 til observasjon.

SAK 09/11

FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – PRAKTISERING AV FORVALTNINGSLOVA MED OMSYN TIL SVARFRISTAR PÅ INNGÅANDE KORRESPONDANSE – ØRSKOG KOMMUNE

Saksutgreiing/innstilling datert 12.09.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei vurderingane som kjem fram i avsnitt 5.1 side 14 i rapporten.
2. Rådmannen blir bedt om å få retta opp i dei manglane som går fram av avsnitt 5.1 i rapporten.

SAK 10/11

ORIENTERINGSSAK, BREV OM RUTINAR FOR FINANSFORVALTNING.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign)

Unni Eide
medlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 29.11.2011

**SAK 14/11
PROSJEKTPLAN FOR FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT VEDKOMANDE
SJUKEFRÅVÆR I ØRSKOG KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Prosjektplan utarbeidd av kommunerevisjonen

Det blir vist til vedlagte prosjektplan.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet sluttar seg til vedlagte prosjektplan.

Harald Rogne
dagleg leiar

21. september 2011

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT GJENNOMGANG AV SJUKEFRÅVÆR I ØRSKOG KOMMUNE

PROSJEKTPLAN

1. BAKGRUNN

Ørskog kommunestyre handsama plan for forvaltningsrevisjon i møte 26.02.2009, sak 022/09. I tråd med innstilling frå kontrollutvalet vart det fatta følgjande vedtak:

Ørskog kommunestyre vedtek desse forvaltningsrevisjonsprosjekta i prioritert rekkefølge:

- 1. Praktisering av forvaltningslova i Ørskog kommune med omsyn til svarfristar på inngåande korrespondanse.*
- 2. Utfordringar vedkomande sjukefråver i Ørskog kommune.*

Kontrollutvalet i Ørskog kommune har gjennom tid hatt ei viss merksemd mot sjukefråveret. Ved punkt 2 i vedtaket ovanfor er dette tydeleggjort med eit ønskje om ein nærare gjennomgang.

· Dei viktige utfordringa innan sjukefråver er å ha ein god administrativ styring og kontroll som tek vare på lovar og reglar samt kommunestyret sine vedtak og føresetnadar. God styring og kontroll har utgangspunkt i godt definerte målsettingar, og dei rutinar og metodar som Ørskog kommune har nedfelt for å nå desse målsettingane. Ein viktig del av god styring og kontroll er dei tilsette si oppfatning og haldning til sjukefråver.

I tråd med dette har kommunerevisjonen formulert ut eit sett med problemstillingar som er relevante i høve til punkt 2 i vedtaket.

2. PROSJEKTOPPLEGG

2.1 Problemstillingar

Som grunnlag for prosjektet er det formulert ut følgjande problemstillingar:

- Kva for definerte målsettingar har Ørskog kommune om reduksjon i kort- og langtidssjukefråveret?
- Kva rutinar og metodar har Ørskog kommune satt i verk for å nå målsettingane?
- I kva grad vert dei definerte rutinane og metodane praktisert i oppfølginga av tilsette, både når det gjeld førebygging og oppfølging av tilsette som er sjukmeldte?
- Kva er dei tilsette si oppfatning og haldning til sjukefråver, og dei tiltaka som er sett i verk for å redusere dette?

2.2 Metode og gjennomføring

Prosjektet vil bli gjennomført i samsvar med følgende prosjektplan:

- Eventuelt oppstartsmøte med rådmann og stab.
- Gjennomgang av dokument som omhandlar sjukefråvær i Ørskog kommune.
- Intervju med rådgjevar personal.
- Intervju med representantar frå fagorganisasjonane.
- Intervju med verksemdsleiarane.
- Sluttmøte med rådmann og stab.

2.3 Revisjonskriterier

I følge forskrift om revisjon skal det etablerast revisjonskriterier i forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisjonskriterier er den målestokken revisor gjer sine vurderingar opp imot. Nedanfor følgjer eit oversyn over kjelder for revisjonskriterier som kan vere aktuelle i dette prosjektet:

- Interne dokument i Ørskog kommune, særskilt rutinar for oppfølging av sjukmeldte.
- Avtale mellom regjeringa og partane i arbeidslivet om eit meir inkluderande arbeidsliv
- Arbeidsmiljølova av 17.06.2005 nr. 62 (med endr.)

3. Tidsplan

Eit utkast til rapport er planlagt å ligge føre ved utgangen av 2011.